

LEIAR

Den verste fylkesvegen i landet?

Opplysningsrådet for veitrafikken (OVF) skal kåre den verste fylkesvegen i Noreg. Etter at folk over heile landet sende inn meir enn 1500 nominasjoner, har ein jury beståande av representantar frå næringsliv og transportbransje plukka ut ti finalistar. Mellom desse er Fylkesveg 615 frå Storebru, gjennom Hyen og til Sandane.

Fv. 615 er den einaste finalisten frå Sogn og Fjordane, og ein av berre to i Vestland fylke. Den andre er Fv. 49 Steinsdalen-Eikedalen aust for Bergen. No er det folket som skal avgjere kven som går til topps i kåringa. Alle som vil kan stemme på den veggen dei meiner er verst på nettstaden norgesveier.no, fristen er 1. oktober.

– Det er trasig å ha ein så dårlig veg. Men når vi først har det, er det kjekt at det blir lagt merke til, og at vi er med i finalen. Det er stor konkurranse om vegmidlar, og i den samanheng er det viktig å få litt blest rundt den vegen ein vil ha utbetra.

Det seier mangeårig forkjempar for ei utbetring av Fv. 615 og styreleiar i Midtvegen 615 AS, Olav Klungre frå Solheim i Hyen. Han slår fast at det er mange dårlige strekningar og punkt att som må på plass om ein skal få ein brukande veg.

Det har Klungre sjølv sagt heilt rett i. Særleg mellom Hyen og Storebru har vegen mange smale, svingete og rasutsette parti. Aller verst er det i

Hopsstranda mellom Straume og Hope. Der går det jamleg ras som stengjer vegen, og ein kan berre takke for at det så langt ikkje har gått med menneskeliv.

Heller ikkje lenger oppover i Vestredalen manglar det på dårlige vegstubbar, det er nesten utruleg at det ikkje er gjort meir med ein såpass mykje trafikkert veg for lenge sidan. Men dette er langt frå unikt på det norske vegnettet, ein skal ikkje lenger enn til E39 i Breimsfjellet før ein finn eit tilsvarende tilfelle som dei same orda kan brukast om.

Olav Klungre håpar mange vil røyste fram Fylkesveg 615, slik at denne går til topps i kåringa. Det håpar vi òg, sjølv om vi sjølv sagt ikkje trur at ei eventuell topplassering i ei slik kåring automatisk fører til at nødvendige opprustingsmidlar kjem vegen til gode.

Men det er knallhard kamp om vegmidlane, og det kan i alle fall ikkje bli feil å ha statusen som den verste fylkesvegen i landet når Vestland fylkeskommune skal prioritere samferdslekronene sine dei komande åra.